



FEBRUAR OG MARS

Skrive- og teikneaktivitetar



Aktivitet 1: Min tidsreise

Sjå animasjonsfilmen om fortid og framtid på nettstaden vår uis.no/sfo.

Førestill deg at du har reist x år attende eller fram i tid. Fortel kva som skjer når du kjem dit.

Bruk fantasien din og **skriv** og **teikn** om alt du opplever på den magiske tidsreisea di. Kanskje du vil lage eit hølemåleri?



Aktivitet 1 - ekstra spørsmål til inspirasjon:

- Korleis ser staden ut?
- Kva høyrer du rundt deg?
- Kanskje du møter menneske som lever heilt annleis enn oss i dag?
- Kva har dei på seg?
- Korleis ser husa deira ut?
- Kva et dei til middag?
- Kan bilar fly, eller finst det kanskje robotar som hjelper til med alt mogleg?
- Korleis ser kledda deira ut, og korleis bur folk?
- Om du kunne ta med noko tilbake til vår tid, kva ville det vere?
- Kva teknologi brukar dei i kvardagen sin?

Aktivitet 2 - Før dinosaurane forsvann:

Korleis trur du det var å leve i dinosauranes tid? Tenk deg at du kan reise attende i tid til då dinosaurane levde.

Skriv ei kort forteljing om korleis du trur det var i dinosauranes tid, og **teikn** favorittdinosauren din.

Aktivitet 2 - ekstra spørsmål til inspirasjon:

- Kva ville du gjort om du møtte ein dinosaur?
- Korleis trur du verda såg ut på den tida?
- Korleis var landskapet?
- Kva slags lydar høyrde du?
- Kva for dinosaurar møtte du?
- Korleis trur du dagane var for ein dinosaur – kva gjorde dei?
- Kva slags mat fanst for dei å ete?
- Om du kunne ha vore ein dinosaur for ein dag, kva for ein ville du vore, og kva ville du gjort?





Bli ein ekte forfattar!

Bli ein ekte forfattar! Send inn historia eller teikninga di til sfo-tidforlesing@uis.no, og få eit forfattar- eller illustratørdiplom i retur frå oss! Bidraget ditt kan bli trekt ut til å bli med i SFO-boka på slutten av året. Hugs å sende oss: Fornamn, alder, klassetrinn, kva for SFO du går på. Du kan òg sende bidraget ditt per post til: Nasjonalt lesesenter, Universitetet i Stavanger, Postboks 8600, 4036 Stavanger.

FEBRUAR OG MARS

Aktivitetar




Aktivitetar

- **Framtidas oppfinning:** Barna kan teikne eller lage modellar av ei oppfinning dei trur kan finnast i framtida (til dømes ein flygande bil, ein matmaskin eller ein robotvenn).
- **Bygg framtidens verd:** Bruk LEGO, pappesker, sugerøyr og andre materiale til å byggje futuristiske hus, bilar, robotar eller heile byar.
- **Rollespel frå fortida eller framtida:** Barna kan kle seg ut og spele roller frå ulike historiske periodar, som vikingar, riddarar eller personar frå 1950-talet. Dei kan òg utforske roller dei trur vil finnast i framtida.
- **Mat frå fortid og framtid:** Utforsk kva folk åt for 500 år sidan, og kva dei kanskje vil ete i framtida. Lag ein enkel rett frå fortida (som brød eller suppe), og ha ein fantasidiskusjon om kva framtidens mat kan vere (til dømes "tangkjeks" eller "romgodteri").
- **Historieforteljing med tidsreise:** Ein vaksen startar ei forteljing om ei tidsreise, og barna held fram forteljinga. Forteljinga kan starte med "Du vaknar opp og finn ei merkeleg dør ..." og barna held fram turvis. Etterpå kan dei teikne illustrasjonar til historia.
- **Framtidens klede:** La barna designe og lage klede dei trur folk vil bruke i framtida. Bruk papir, stoffrestar, aluminiumsfolie eller plast til å lage futuristiske hattar, jakker eller sko. Kanskje kan de arrangere eit "moteshow" der barna viser fram kreasjonane sine.
- **Steinalderkunst:** La barna lage "hølemåleri." Bruk brunt papir som høleveggar, og la barna teikne med kolstiftar eller fargestiftar for å lage bilete av dyr, hender og jaktscener. Heng opp "hølene" for å lage ei utstilling.
- **Vikingbrev:** Last ned runealfabetet frå nettsida vår, skriv namnet ditt med vikingane sine bokstavar – kan du lage eit brev til ein ven med slike bokstavar som vennen skal tyde?
- **Kva vil eg bli i framtida:** La barna skrive eller teikne eit brev til seg sjølve, oppbevar det på SFO i eit år. La dei lese det igjen etterpå. Sjå også **Foreningen !les** (<https://foreningenles.no/>) og **Les og lek** sitt opplegg rundt boka Korleis er det å vere vaksen av Anna Fiske: <https://tinyurl.com/5wf2apxz>



Engasjer barna!

Desse aktivitetane vil engasjere barna til å bruke fantasi, kreativitet og lek, samtidig som dei har det moro med temaet.



FEBRUAR OG MARS

Boktips



Tematiske boktips

La barna lese bøker relatert til temaet i januar. Her er eit utval bøker som passar for ulike aldrar. Les høgt saman med barna som ikkje kan lese sjølve.



Månadsboktips i samarbeid med Foreningen !les

- **Steinalderen - 10 000 år gamle tyggisar og hovudskallar på stong** av Eirin Holberg
- **Det kuleste fra vikingtiden** av Martin Aas
- **Hvordan er det å være voksen?** Av Anna Fiske
- **Ruffen og tiden som gikk i stykker** av Tor Åge Bringsværd
- **Supervulkaner og digre dinosaurer** av Reidar Müller og Sigbjørn Lilleeng
- **Livet er livsfarlig** av Reidar Müller og Sigbjørn Lilleeng
- **Judy Moody spår framtiden** av Megan McDonald
- **Fanget i fortiden** av Monika Steinholm
- **Jakob og Neikob og tidsmaskinen** av Kari Stai
- **Et sted i tusenvis av år** av Jan Chr. Næss og Jens Kristensen
- **Tidsmaskinen-serien** av Mary Pope Osborne og Philip Hauglin
- **Dinosaurene kommer** (tegneserie) av Jenny Laird, Kelly Matthews og Nichile Matthews



Nasjonalt lesesenter
Universitetet i Stavanger

